

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 14.09.2016

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 108-121/16.

### ORIENTERINGAR

Kulturrådgevar **Ragna Sofie Grung Moe** frå Bjørgvin bispedømme orienterte om Reformasjonsbyen Bergen 2017.

Dagleg leiar **Frank Nes** frå Stiftelsen Bergen Music Fest orienterte om Bergenfest.

### YMSE

#### Komande arrangement

- Førebels program for utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) si reise og utvalsmøte 12. og 13. oktober til Hardanger/Odda vart delt ut.
- Program for plankonferansen 25.-26. oktober i Bergen vart delt ut. Utvalsleiaren oppmoda medlemene i KIRU til å delta på konferansen.
- Førebels program for den 42. kultur- og idrettskonferansen i Hordaland, PREMISS: Kultur? 8. november i Bergen vart delt ut. Det vert møte i KIRU om ettermiddagen/kvelden etter at konferansen er avslutta.
- Kulturrådets årskonferanse 9.-10. november i Stavanger. Utvalsleiaren, ein frå «opposisjonen» og ein frå «posisjonen» kan delta på konferansen.
- Prestasjonskonferanse i Bergen 9. november i Bergen. Ein frå «opposisjonen» og ein frå «posisjonen» kan delta på konferansen.

#### Sidan sist

- Utvalsleiaren og Kjell Håland var til stades på NM i friidrett på Ravnanger, Askøy.
- Utvalsleiaren deltok på opninga av Bybanen, byggjetrinn 3.
- Utvalsleiaren og Kjell Håland har vitja og fått orientering om Aboretet.
- Utvalsleiaren og Kjell Håland har vore med på dialogkonferanse.
- Utvalsleiaren, Geir Kjell Andersland og Espen Berntsen deltok på Ulvik poesifestival.